

Svein Frette

Fra: Andreas Aasgard <andreas@credex.no>
Sendt: 11. mai 2014 20:46
Til: 'Svein Frette'
Emne: Holy Riders MC Nordhordland - Handlingsplan
Vedlegg: årsrapport 2013 HR.pdf

Handlingsplan for Holy Riders MC Nordhordland 2014

I avd Nordhordland vil me òg i 2014 jobba med det som heile klubben er tufta på, å dela hobbyen vår som er motorsykkelen, men størst og viktigast er å dela det gode budskap om den levande og oppstadne Jesus Kristus, spesielt i MC miljøet, men òg andre stadar me ferdast. Dette gjer me bl.a. med deltaking på treff, festar, tilstelning, turar, vårmønstring i Bergen. I samarbeid med HR avdelinga i Bergen arrangerte me "Generasjonsrally" eit treff for heile familien og utan alkohol på Spurkeland Vikinggard på Seim i 2013, dette er under planlegging i 2014 òg. På klubbkveldane våre i mai og juni vert det MC kafe. Dette har me har hatt det nokre år tidlegare og, men ikkje i fjor då me hadde fokus på å køyra sykkel saman, samt invitera til 2 MC kafe med dynobenk. Dette foregår frå klubbhuset vårt, tdl bedehus i Sandvikadalen (Hjelmås) i Lindås. På MC kafe vil me laga eit "treffpunkt" for MC folk som me har truffe på / er på køyretur.

Elles driv me med å få godt drikke vatn til klubbhuset (borehol), so det vert noko dugnad innimellom alle vaflane og kaffien. Pr i dag har me kun oppsamling av tak-vatn på huset. I tillegg til at me må byta ut varmpumpa på klubbhuset då denne er øydelagt. I tillegg har me mål å skifta ut 6 store glas som truleg er like gamle som klubbhuset, til nok omeir energisparande. Dermed vert 2014 eit svært kostbart år for oss, noko som vil krevja alle oppsparte midlar me har, samt ein del i tillegg. Me er ved godt mot, og trur at det økonomiske skal ordna seg. Vår årlege basar vil nok bidra noko her.

Andreas Aa.
Avdelingsleiar